

## REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 21.09.2017

STAD: Lync

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Bjørge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem	x	
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	x	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem	x	
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem	x	
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem	x	
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem	x	
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem		x
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem		x
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem		x
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulans og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem		x
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	x	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem (ny)	X	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem (ny)	x	

## AGENDA

- Status og framdrift utviklingsplanen
- Status SNR
- Kommunikasjon
- FIUK
- Innspel frå koordineringsgruppa
- Evt

---

### Status og framdrift utviklingsplanen

- Lena Waage gikk gjennom arbeidsprosessane i dei ulike perspektiva – føretak/klinikk/samhandling.
- Frist på rapportar frå arbeidsgruppene er i hovudsak sett til 30. september.
- Framskrivningstal er kome frå Sykehusbygg, men det opplevast som noko seint for mange. Samstundes må ein hugse at dette er eit arbeid i utvikling, og det skal også vere ein dynamisk prosess framover. Det aller viktigaste er for mange grupper er prosessen. Lab inngår ikkje i framskrivinga. Sykehusbygg skal også kome meir data på HR/kompetanse/rekruttering regionalt.
- Mange synast det er korte fristar, og det er utfordrande med forankring i forkant. Vi må samstundes hugse på at dette er eit høyringsutkast som skal ut på høyring og at ein kan justere i etterkant. Plandokumentet er eit verkty og det skal vere dynamisk og «levande».
- Innspelskonferansen pediatri 14. september 2017 i Kristiansund. Etter dialogmøtet i juni la kommunane fram ønskje om å få moglegheit til å gi innspel før pediatrigruppa skulle legge fram si anbefaling. Totalt 45 møtte denne dagen. Halvparten frå kommunane, resten frå arbeidsgruppa og HMR. Møtet blei leia av PwC som er ekstern kvalitetssikrar og som skal leie ROS-analysen av arbeidet. Arbeidsgruppa la fram tre ulike modellar som gruppene skulle gi si tilbakemelding på. Opplevde gode diskusjonar i gruppene.
- Framover er tidsplanen slik: Styremøte 27. september, styringsgruppemøte 17. oktober, styremøte/seminar 24/25. oktober, dialogmøte 30. oktober, samhandlingskonferanse 31. oktober, høyringsperiode 26. oktober – 7. desember (tentativt).
- Rapportane frå arbeidsgruppene blir vedlegg til utviklingsplanen, medan essensen frå desse blir dratt inn i sjølve planen.

---

### Status SNR

- Representant frå SNR kunne ikkje møte og temaet går ut.

---

### Kommunikasjon

- Ser på kva del av arbeidsgruppene sitt arbeid som skal leggest ut på nettstad.
- Planlegger høyringsperioden.
- Annonsering, brev til høyringsinstansar og bruk av media og eigen nettstad/intranett for å gi informasjon. Leiarsamling for alle leiarar i HMR den

21. november vil ha informasjon om utviklingsplanen, og vi vil ha møter med ulike interessentar m.a. regionråda i høyringsperioden.

- Høyringsuttaler kan bli gitt gjennom vanleg brev, e-post eller via Questback på eigen nettstad. Questback blei også bruke i samband med høyringa i konseptfasen av SNR.

---

## FIUK

-Representant frå FIUK kunne ikkje møte og temaet går ut.

---

## Innspel frå koordineringsgruppa

- Klinikk for psykisk helse og rus – trangt med tid men skal få det til.
- Klinikk for kvinner, barn og ungdom – klinikkar som har ny struktur og er slått saman har utfordringar med forankring. Dette gjeld nok fleire klinikkar på grunn av endringar som følgje av ny organisasjonsstruktur.
- Klinikk for drift og eigedom – arbeider tett opp mot den bygningsmessige utviklingsplanen. Kven tek økonomiperspektivet på korleis vi skal ha ein god økonomi i tillegg til eit godt tilbod.
- Økonomiavdelinga – vi har personale inn i den bygningsmessige utviklingsplanen og sitter klar til å bistå der det blir etterspurd.

---

Evt

Mogleg justering av tidsramma for møte 6. oktober. Oppdatert innkalling vert sendt til medlemmane.